



Land og bruk

Nummer 5 - 2013

Desember 2013

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

Nyttig informasjon

Tilskotssamling 22. januar

Vi vil i løpet av kort tid leggje ut program og påmeldingsskjema på nettsidene våre. Tema blir mellom anna miljøplan og manuelle utbetalningar.

Landbrukskonferansen 2014

Konferansen blir arrangert 11. – 12. mars i Haugesund. Første dag er det Landbrukspolitisk konferanse.

Her er lenkje til flygeblad med kort informasjon om konferansen som de kan distribuere til politikarar og andre i kommunen:

> [Landbrukspolitisk konferanse 11. mars 2014](#)

Personalendringar

Permisjon

Aart Magnussen skal ha pappapermisjon i perioden 2. januar – 26. mars.

Nytilsette

Geir Skadberg er frå 1. februar tilsett som ass. landbruksdirektør. Han har sidan juni 2012 vore tilsett i Innovasjon Norge Rogaland.

Enda arbeidsoppgåver

Sissel C. Endresen fungerer som ass. landbruksdirektør fram til 1. februar.



"Vi burde alle være opptatt av fremtiden, for det er der vi skal tilbringe resten av vårt liv."
Charles F. Kettering

Arrangementskalender

2014

22. januar

Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Ragnhild Hole og Sissel C. Endresen

Februar

Infomøte for nytilsette i kommunane

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Bente E. Halvorsen

Februar

Skogsamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Lars Slåttå

7.-8. februar

Fag- og inspirasjonssamling for økologisk landbruk

Stad: Haugesund

Kontaktperson: Annabell Pfluger

11.-12. mars

Landbrukskonferansen 2014

Stad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

24. april

SMIL-samling

Kontaktperson: Nono Dimby

21. mai

Dialogmøte landbruksforvaltninga

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen

22. oktober

Dialogmøte landbruksforvaltninga

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen



Forenkling og større sjølvråderett

v/Hadle Nevøy

For første gang i historia har vi fått ei regjering utgått av Høgre og Fremskrittspartiet. Dei to partia har ikkje fleirtal i Stortinget, og har derfor ein avtale med dei to sentrumspartia, Venstre og KrF, om samarbeid om gjennomføring av felles prioriteringar.

Frp har fått ansvar for fleire sentrale departement, blant desse Landbruks- og matdepartementet. Statsråd Sylvi Listhaug har solid politisk erfaring, men trass i oppvekst på gard med mjølkeproduksjon har ho ikkje nemnande erfaring med landbrukspolitikk. Ho har alt markert tydeleg at det vil bli endringar på fleire område i landbrukspolitikken, og ho har vore ein av dei mest profilerte statsrådene i den nye regjeringa så langt.

Rogaland var eit av dei første fylka som ho besøkte. Ho har no gjennomført mange fylkesbesøk, og det er eit felles inntrykk frå dei som har møtt henne at ho på denne måten ønskjer å gjere seg kjent med landbruksnæringa i alle deler av landet. I tillegg til å besøke einskildprodusentar og landbrukstilknytte foredlingsverksemder, har ho hatt møte med faglaga i landbruket, fylkeslag av Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget. Statsråden skal ha ros for at ho både vil sjå og lytte til det som blir fortalt frå ulike hald om korleis landbruk blir drive i ulike deler av landet vårt, og ikkje minst for viljen til å setje seg inn i ulike utfordringar.

Solbergregjeringa har klare ambisjonar om å gjere endringar på viktige politikkområde, ikkje minst på landbruks- og matområdet. Den norske landbruks- og matpolitikken har ofte blitt omtalt som unødig komplisert og vanskeleg å forstå for alle andre enn dei som høyrer til i dei innarste kretsane i departementet og faglaga. Det blir vist til at det er etablert eit uttal ordningar, og at det har vore liten politisk vilje til å sjå kritisk på om det er trong for å ha så mange ordningar. Statsråden har visst nok også uttalt at landbrukspolitikken har vore beskytta av museumsvaktarar i tida som den raudgrøne regjeringa sat me makta. Forenkling er derfor ein gjengangar i dei kommentarane som statsråden så langt har gitt til spørsmål om kva for tiltak som står øvst på arbeidsplanen hennar. Jordbruksforhandlingane komande vår vil garantert bli prega av krav om forenkling.

Forenkling vil heldigvis oftast opplevast som positivt. Unødig kompliserte ordningar kan neppe vere verdt å behalde berre for ordningane si eiga skuld. Det er heller ingen grunn til å forsvare ordningar som i liten grad bidrar til å nå uttalte mål som til ei kvar tid måtte gjelde på politikkområdet. Derimot er det grunn til uro dersom forenkling er eit mål i seg sjølv, eit prinsipp som

skal gjennomførast utan omsyn til verknad. Det må vere lov å vente at dei endringane som blir gjennomførte er godt gjennomtenkte og at konsekvensane er utreda.

Dei naturgitte vilkåra for jordbruksproduksjon er svært ulikt fordelt i landet vårt. Ja, også i Rogaland ser vi store skilnadar i naturgitte vilkår frå dei beste områda på flatjæren til område med langt vanskelegare føresetnadar både ut frå topografi, klimatiske tilhøve og arrondering. Dersom vi skal auke produksjonen av mat, og halde opp sjølvforsyninga minst på det nivået vi har, er det naudsynt å halde alt tilgjengeleg jordbruksareal i bruk. I dette lyset er det lettare å sjå og forstå at det er trong for differensierte ordningar som kan stimulere til produksjon også på areal som krev større arbeidsinnsats og andre tekniske løysingar og driftsopplegg enn på dei mest lett drivne areala i andre deler av fylket og i landet. Utjamning av ulike naturgitte driftsvilkår har vore ein av bærebjelkane i den norske landbrukspolitikken, og det er vanskeleg å sjå at målet om å halde oppe matproduksjonen kan nåast utan. Eller, skal vi velje å basere ein enda større del av matforsyninga vår på importert fôr.

Eit anna tydeleg signal frå den nye politiske leiinga er større sjølvråderett over eigen gard og egne ressursar. Dette er signal som klart vil bli tatt godt imot hos grunneigarar som er mindre opptatte av korleis dei kan nytte ressursane til landbruksproduksjon, men som derimot er ute etter å få mest mogeleg ut av eigedommen gjennom sal av heile eller delar av han til anna føremål enn landbruk. Desse problemstillingane kjenner dei fleste av oss godt til frå eige arbeid i landbruksforvaltinga både i kommunane og på statleg nivå. Gjennom bruk av dei juridiske verkemidla som gjeld i dag, har det vore mogeleg å sikre at samfunnsinteressene knytt til landbruksproduksjon blir sett framføre eigeninteressene til dagens eigar. Det har vore god norsk tradisjon å sjå forvaltinga av ressursane for landbruksproduksjon i eit langt perspektiv, og då har det vore avgjerande at kortsiktige mål ikkje kan få kome i vegen for desse langsiktige måla. Denne nedarva forvaltningstradisjonen ser det ut til at den nye regjeringa vil bryte med. Så kan kvar og ein av oss ta stilling til om vi ser på dette som ei modernisering av politikken eller om vi heller vil bruke andre nemningar om slike grep.

Fleire av lovendingane som regjeringa har varsla, krev vedtak i Stortinget. Det skal bli spennande å sjå om regjeringa vil få fleirtal for dei ønska endringane. Vi går spennande tider i møte. Det kan kome positive resultat ut av at landbruks- og matpolitikken blir gjort til gjenstand for meir merksemd gjennom opne debattar både i og utanfor Stortinget. Fleire vil truleg engasjere seg når dei oppdagar at gamle standpunkt og sanningar kanskje ikkje står like støtt som tidlegare. Slikt engasjement kan det kome mykje godt ut av. Historia er full av eksempel på aksjonar og reaksjonar også når det gjeld landbrukspolitiske kampsaker.

Så vil eg få takke alle for det arbeidet som er gjort i året som snart er brukt opp, og ønskje alle ei fredfull og god julefeiring.

Vinterskade på eng 2013 - status

Søknadsmengda er unormalt stor med 510 søknader derav 160 er behandla av Fylkesmannen (FM), 140 er til behandling hos FM og 210 er til behandling i kommunane. Det er utbetalt 3 mill, og dei fleste søkjarane har til nå fått utbetalt tilskot.

Denne store søknadsmengda kjem på toppen av løpande oppgåver, så alle søknadene vil truleg ikkje vera ferdigbehandla før langt utpå etterjulsvinteren.

Kontaktperson: Birger Aasland



Plansjane etter jordlovsamlinga

Fylkesmannen arrangerte fagsamling 26. november der tema var jordlova. Tema var mellom anna endringar i jordlova og det nye jordlovrundskrivet, busettingsomsyn og frådeling til tilleggsjord.

Her finn du lysarka frå samlinga:

- [Politiske mål og bakgrunn for lovending](#)
v/Camilla Neiden frå LMD
- [Praktisering av endra jordlov og bruk av det nye jordlovrundskrivet](#) v/ Anne Pernille Asplin frå SLF
- [Innspel og vurderingar om busettingsomsyn](#)
v/Gerd Siqveland Engelsgjerd frå Bjerkreim kommune
- [Busettingsomsyn](#) - kva er eigentleg det?
v/Knut Harald Dobbe frå Fylkesmannen
- [Samordning jordlov og plan-og bygningslov](#)
v/ Hadle Nevøy frå Fylkesmannen

Kontaktperson: Iris-Adele Berg Jess

Brannvarslingsanlegg under lupa

Det vil i byrjinga av januar gå ut ei spørjeundersøking til bønder som er medlemmar hos Norsk landbruksrådgiving Jæren og Haugalandet vedrørande "Bruk av og kvalitet på brannvarslingsanlegg på gardsbruk".

Til saman vil omlag 2100 bønder i Gjesdal, Klepp, Time, Hå, Sola, Sandnes, Hjelmeland, Strand, Rennesøy, Finnøy, Tysvær, Vindafjord og Karmøy bli kontakta pr e-post.

Brannvarslingsanlegg i landbruksbygg er lovpålagd og har heimel i lov om dyrevelferd §23 og til forskrifter til hald av produksjonsdyr. For å unngå brot på dyrevernlova og avkorting på eit eventuelt forsikringsoppgjær, må anlegg installerast.

Bakgrunnen for kartlegginga er bøndene sine frustrasjonar over ustabile anlegg som gir feilmeldingar og falske alarmer. Prosjektet er godt forankra i næringa og i arbeidsgruppa sit representantar frå Rogaland bondelag, Norsvin Rogaland, Norsk Fjørfe Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland. Arbeidsgruppa har teke uformell kontakt med fleire bønder og elektrofirma, og resultatane er nedslåande. Tilbakemeldingane går på fleire feilmeldingar og falske alarmer, frustrasjon om kven som skal koste reparasjon av anlegget, feilmontering av slutteining, bytte av datakort, osv.

Mål i prosjektet er å finne ut kva som kan gjerast for å oppnå ein teknisk forbetring av anlegga, auke kunnskapen om styring og vedlikehald av anlegga, betre faktagrunnlag om brannvarslingsanlegg og auka engasjement rundt brannsikring. I første omgang er det viktig å få avklart omfanget, - er det utslag på type fjøs/produksjonar/anlegg som har problem, kva for problem er det; tekniske problem eller brukarfeil, kva kan vere årsaka; mangelfull opplæring, sjølvmontering eller manglande vedlikehald?

Professor Dag Jørund Lønning ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB) har hovudansvaret for gjennomføring og analyse av spørjeundersøkinga.

Opptakta til dette prosjektet var ein VRI-dialog med nokre bønder. Fylkesmannen har løyvd Bygdeutviklingsmidlar til kartlegginga. (VRI = regionale verkemidlar til forskning og utvikling.)

Kontaktperson: Eli Munkeby Serigstad



HANDLINGSPLAN FOR ØKOLOGISK LANDBRUK I ROGALAND

2007-2015



Midlar til oppfølging av Handlingsplan for økologisk landbruk blir flytta til BU-ordninga

Midlane som tidligare var øymerka handlingsplanen for økologisk landbruk skal nå flyttast til BU-ordninga. Det er viktig å merke at måla frå handlingsplanen skal implementerast i Handlingsprogram næring og Regionalplan for landbruk i kvart fylke.

Fylkesmannen har fått kr 425 000,- til oppfølging av handlingsplanen for økologisk landbruk dei siste årane. Midlane blei løyvt til utviklingstiltak innanfor den økologiske verdikjeda frå jord til bord. I sommar 2013 blei det kjent at handlingsplanen for økologisk landbruk skal leggjast ned som eit eige verkemiddel.

Status i Rogaland

Hovudmåla om økologisk landbruk og forbruk frå Handlingsplan for økologisk landbruk er allereie forankra i både Regionalplan for landbruk vedteken 7. juni 2011 og Handlingsprogram næring (under revidering). Handlingsplanen for økologisk landbruk som eige verktøy går ut. Ressursgruppa for handlingsplan for økologisk landbruk skal vidareføres framover for å halde fast i ein arena for dialog mellom aktørane og innspel til prioriteringa for framtidige løyvingar til økologiske prosjekt.

Praktisk

Søknadar om støtte til økologiske prosjekt vil bli behandla hos Fylkesmannen på lik linje med andre BU-søknadar. Midlar er ikkje øymerka og inngår i BU-potten. Det er Fylkesmannen sitt ansvar å passe på at øko-midlar kommer prosjekt retta mot utviklingstiltak innan den økologiske verdikjeda til gode.

Kontaktperson: Annabell Pfluger

Nye gardskart på Internett

Norsk institutt for skog og landskap lanserte 11. desember ny versjon av [gardskart på Internett](#).

I den nye versjonen er det mellom anna mogleg å viser fleire eigedomar samtidig.

Nye kartlag

- Det er laga eit nytt kartlag med arealstatistikk for jordressursar. Dette erstattar arealstatistikk for jordkvalitet. Begge kartlaga er tilgjengelige som heildekkande kartlag.
- *Rødlister* er nå også tilgjengeleg som heildekkande kartlag i Gårdskart på Internett.

Kontaktperson: Tonje F. Aase

Kommunevis fordeling av saksbehandlinga for produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Vi har frå hausten 2012 fordelt arbeidet med saksbehandling på fem saksbehandlarar. Desse skal svare på e-post, telefonar, følgje opp feillister, dispensasjonar, klagar m.m. for "sine" kommunar.

	Telefon	Kommunar
Sissel	51 56 89 60	Bjerkreim, Time, Finnøy, Randaberg, Hjelmeland
Else *	51 56 89 77	Sola, Karmøy, Utsira
Geir Helge	51 56 89 83	Sandnes, Stavanger, Kvitsøy, Gjesdal, Rennesøy
Birger	51 56 89 87	Klepp, Tysvær, Bokn, Haugesund
Ragnhild	51 56 89 81	Eigersund, Sokndal, Lund, Hå, Forsand, Strand, Suldal, Sauda, Vindafjord

*Else er tilgjengeleg måndag, onsdag og fredag

Dersom den saksbehandlaren som har "din" kommune ikkje er til stades, kan de ta kontakt med ein av dei andre.

E-postar skal **ikkje** sendast til den einskilde saksbehandlar, men til felles e-postadresse for direkte-tilskot. Då er det lett for andre å svare på spørsmål m.m. dersom nokon ikkje er til stades.

- direktetilskot@fmro.no

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

Sjukdomsavløyning – nye satsar

Frå 1. januar 2014 er det nye satsar for tilskot til avløyning ved sjukdom mv. Vidare er minimumsalderen for avløyssarar redusert frå 16 til 15 år frå same dato.

Maksimalt tilskot pr. dag og pr. føretak

Husdyr- og planteproducentar	Veksthusproducentar	Sjukdom mv.
Maksimalt avløyartilskot	Veksthusareal, m ²	Maksimalt tilskot pr. dag
Kr 5 000 – 12 000	287 – 714 m ²	Kr 510
Kr 12 001 – 18 000	715 – 1071 m ²	Kr 740
Kr 18 001 – 24 000	1072 – 1429 m ²	Kr 990
Kr 24 001 – 30 000	1430 – 1786 m ²	Kr 1 240
Kr > 30 000	>1786 m ²	Kr 1 500

Kroner pr. dekar/bikube for fastsetting av maksimalt tilskot

Vekst	Sats i kr / dekar
Korn	Kr 48
Potet	Kr 220
Frukt og bær	Kr 960
Grønsaker og andre planteprodukt	Kr 540
Bikubar	Sats i kr/bikube
Bikubar	Kr 150



Tilskot til avløyning ved ferie og fritid – presisering av regelverket

Enkeltpersonsføretak kan få tilskot til å få dekt dokumenterte lønnsutgifter til avløyning. Lønnsutgiftene er lønn, feriepengar, arbeidsgivaravgift og avgiftspliktig køyregodtgjersle til avløyssar – dette må vere innrapportert i kode 111-A og kode 153-A i Skatteetatens kodeoversikt.

Det kan ikkje gis tilskot til lønn som er innrapportert på kode 961-A (nettolønnsordning).

Kontaktperson: Sissel C. Endresen



Fylkesmannen på Facebook

Fylkesmannen har no oppretta eigen side på Facebook:

<https://www.facebook.com/fylkesmannenrogaland>

Som statleg forvaltningsorgan diskuterer, kommenterer eller svarer vi ikkje på spørsmål om saker som er til behandling, eller saker av partipolitisk karakter. Vi er bundne av teieplikta i svært mange tilfelle.

Alle kan poste innlegg eller kommentere det vi legg ut. Men vi driv ikkje saksbehandling på Facebooksida.

Kontaktperson: Monica Dahlmo

Abonner på nyhende og artiklar frå nettsida til Fylkesmannen

Vi vil oppmode alle til å [abonnere på nyhende](#) som blir lagt ut på Fylkesmannen sine nettsider.

Du vil då få tilsendt ein e-post når vi har lagt ut ein artikkel på eit av dei temaområda som du har kryssa av for. Du kan velje om du ønskjer å få e-postvarsel straks vi har lagt ut ein sak, dagleg, vekevis eller månadleg.

Kontaktperson: Lars Slåttå og Monica Dahlmo

*Vi ønskjer alle ei fredfylt jul
og eit godt nytt år*

